

# Historikk

**1859** – etablert av Philip C. Clausen og Johann Ramm med 30 tilsette  
**1863** – fabrikken investerer i dampmaskin som dreiv kardemaskiner  
**1878** – skulehuset blir bygd  
**1896** – dei første automatiske rundstrikkemaskinene tas i bruk  
**1900** – om lag 100 tilsette ved fabrikken  
**1920-talet** – stor deler av maskinparken har vorte moderniserte og blir drivne av elektromotorar  
**1950-talet** – 350 tilsette på fabrikken, og ein oppsving i norsk tekstilindustri  
**1980-talet** – økonomiske utfordringar grunna salsvikt og auka konkurransen  
**1989** – produksjonen blir lagd ned  
**2001** – fabrikken opnar som museum  
**2020** – fabrikkanlegget blir freda av Riksantikvaren



## Livet i fabrikken

### Korleis var det å arbeide her?

Fabrikkarbeid var fysisk krevjande og einsidig, og støy var eit generelt problem. I avdelinga for spinning og karding var det mykje støv og fiber i lufta, og tekstilarbeidarar utvikla ofte lungesjukdommar.

Arbeidsdagen i starten var lang: i 1875 var den frå 06:00 til 19:00 om vinteren, og 05:00 til 20:00 på sommaren. I 1887 var 10-timars arbeidsdag innført og i 1919 vart 8-timars arbeidsdag innført.



## Syersken Klara Delph

Klara budde i arbeidarbustaden saman med sin dotter Guri Marie i 1963. I museets opningstid kan du besøke leiligheta dei budde i. Utanfor hovudinngangen til museet vil du sjå skilt til arbeidarbustaden.



Bli kjend med  
Klara Delph  
og arbeidarbustaden

### Kva tente arbeidarane?

I 1921 var timelønn for menn 1,55 kr og 0,95 kr for kvinner. 1,55 kr tilsvarer ca 36 kr i dag.

### Kva produserte fabrikken?

Fabrikken dekte heile produksjonslinja til klede – frå ull og bomull til ferdige produkt. Trikotasje betyr strikka metervare og det var i hovudsak undertøy, sokkar og ullgenserar som vart produserte.

### Visste du det?

Museet har fortsatt tekstilproduksjon. Stoff, sokkar og skjerf blir strikka på strikkeloftet. På syloftet sys alt saman.

I museumsbutikken og i nettbutikken kan du kjøpe produkta.

# Salhus Tricotagefabrik (1859-1989)

## Kva kan du oppleve?

Hovudutstillinga til museet er Salhus Tricotagefabrik.

I fabrikken kan du utforske nokre av dei tidlegare produksjonslokala: spoleloft, karderi/spinneri, og syloft.

I museet finn du QR-kodar og filmar om produksjonen som gjer meir informasjon.

Tips! Sjå filmen “Det var ein gong ein fabrikk” som fortel historia om fabrikken. Den visast i filmsalen i kaféen.

## Viktig å hugse på...

Dette er eit freda fabrikklokale – og for din eigen og andre sin tryggleik ber me om at du ikkje tek på gjenstandar, ull, tråd og maskiner. Alle barn må gå saman med ein voksen.



## Spoleloftet

Spoleloftet er den første avdelinga du møter når du går inn i museet. Her kan du sjå spolemaskiner, hespemaskiner og tvinnemaskiner.

Fabrikken var ein kjønnsdelt arbeidsplass der kvinner og menn arbeidde på ulike avdelingar. Om lag 60% av dei tilsette var kvinner.

På denne avdelinga jobba kvinnene med å spola den ferdige tråden før strikking.

Følg skilt til karderi i andre enden av lokalet.




## Strikkeloftet

Strikkeloftet er eit produksjonslokale og det er begrensa tilgang for publikum. Du kan ta ein titt inn vindauget på toppen av trappa.

I strikkeriet arbeidde det menn med mykje kunnskap om strikkemaskiner. Arbeidarane hadde også ansvar for reparasjon og vedlikehald av maskinene.

Her vart det strikka metervare med tekstil til mellom anna undertøy, sokkar, og ullgenserar. Neste ledd i produksjonen var klipping, sør og pakking. Syloftet finn du til venstre for strikkeloftet.



Sjå eit utval av produkta som var produsert på fabrikken



## Karderi og spinneri

Når du kjem ned trappa kan du sjå den eldste delen av fabrikken til høgre (frå 1900) Legg merke til kor smalt det er mellom kardemaskinene.

Til venstre for trappa ser du spinnemaskina og spinneriet. Ulla blei først vaska, rensa og farga i fargeriet før den ble karda og spunnet til tråd.

Neste ledd i produksjonen er å spole tråden.

No kan du gå tilbake til spoleloftet og følge skilta til strikke/syloft i andre enden av lokalet.



## Syloftet

Syloftet var den største avdelinga på fabrikken, og her arbeida det flest kvinner. På 1950-talet arbeida det rundt 200 syersker på fabrikken.

Kvinnene på syloftet jobba på linjearbeid og sydde den same saumen om og om igjen på akkord.

Siste ledd i produksjonen var sammenlegging og pakking av de ferdig sydde plagga.

## Vil du vite meir?

Salhus Tricotagefabrik  
på Digitalt Museum

